

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## Kvitsunddag - 27. mai 2012

Preiketekst: Joh 14, 15-21

Lesetekst I: 1 Mos 1,1-5

Lesetekst II: Apg 2,1-11, alternativt 1 Kor 12,12-13

## Festdag for felleskapet med Herren

I skrivande stund har eg knapt landa, etter spennande dagar i Budapest. Me brukte mykje tid desse dagane til å arbeida med jødisk historie, daglegliv, høgtidene, men også antisemittisme og Holocaust. Særleg i eit av musea fekk me grundig undervisning om mellom anna korleis jødar både i Ungarn og alle andre land har feira høgtidene. Mellom anna Shavuot; kvitsunnhelga.

### *Feira paktfornyninga*

Då mange tusen var samla i Jerusalem for så lenge sidan, og fleire tusen vart døypte, var dei der for å feira Shavuot. Det var altså ikkje første gongen denne høgtida vart feira. Slett ikkje! Men dei som var der, ana ikkje at noko ekstraordinært skulle koma til å skje denne dagen. Dei feira paktsfornyninga. Og dei heldt takkefest for kornhausten.

Det er eit mangfald av tekstar i Det gamle testamente som fortel om denne høgtida. Det gjekk femti dagar etter Pesach (påske); så kom Shavuot. Nokre rabbinarar meiner å kunna rekna ut at det var på Shavuot-dagen at Gud openberra seg i eld, røyk og torden på Sinai-fjellet, og ga folket dei ti boda. Ikkje sjelden i jødisk samanheng les ein også frå Ruts bok ved denne høgtida. Det gjev hjelp til å minnst dei fattige, og der les me også om kornhausten; og framom alt er heile forteljinga i Ruts bok ei sterk søge om Guds messiasopenberring. Rut møter sin utfriar og redningsmann Boas. Han løyser henne ut og tek henne til brur. Rut får sonen Obed. Han vart far til Isai, som igjen vart far til kong David. I denne ætta vart Jesus Messias seinare fødd.

### *Kvit sundag*

Kvitsunn vert dagen kalla på nynorsk. Det er eit fornorska ord for white sunday; kvit sundag, rett omsett. Både påskedagen og kvitsunddagen var store dåpshøgtids-dagar. På same måten som våre små er kledde i kvite klede når dei vert døypte, var store og små dåpskandidatar også i gamal tid kledde i kvitt. Difor – white sunday!

I Apg 2 les me om at så mange som 3000 tok imot frelsesebodskapen gjennom forkynninga, og let seg døypa. Så står det så fint – og til ettertanke - at dei vart lagde til kyrkjelyden (Apg 2,41). Me snakkar ofte om at den kristne kyrkja vart skipa denne dagen. Men kanskje me skal

vera noko meir varsame med val av ord. Fellesskapet av truande var der allereie! Men Gud oppretta ei ny pakt med dei. Difor kan me også med rette kalla høgtida for ei paktfornyings-høgtid.

### *Ordet og Anden*

Når me i vår kyrkje no får ein tekst om Guds bod og Den heilage ande, som preiketekst til denne høgtida, så gjev det oss ualminneleg god hjelp til å sjå den store samanhengen me står i; og hjelp til å feira høgtida på heilbibelsk basis.

Johannesevangeliet gjev grundig undervisning om Den heilage ande; særleg i Jesu avskilstale, som vårt tekstavsnitt er henta frå. Start-verset og slutt-verset rammar dette inn for oss så konkret og tydeleg som det går an: Elskar de meg, seier Jesus, så held de boda mine. Den som har boda mine, og held dei, han er det som elskar meg.

Her treng ein ikkje vera i tvil. Her er ikkje rom for å prøva å skapa eit skilje mellom kjærleik og sanning, som det stundom vert prøvd på. Livet saman med Jesus, både som einskildtruande og som kyrkjelyd og forsamling, er å leva i pakt med Guds ord og bod. Det er den eigentlege kjærleiken!

### *Ein og tre*

Det er i dette avsnittet at Jesus for første gong dreg inn uttrykket talsmann. Og ikkje berre det, men han seier: Ein annan talsmann. Difor er dette avsnittet også særskild viktig om ein skal forstå dei tre personane i guddomen. Enkelt er det ikkje, og dei kristne kyrkjene har til alle tider hatt bal med dette. For det er jo aldeles ulogisk at ein skal kunna vera ein eller eitt når ein er tre! Og dei som har arbeidd litt med jødemisjon, kjenner også til at det ofte er nettopp på dette punktet at det er vanskeleg å nå fram til jødane med ein evangelisk budskap. For dei er svært monoteistiske; dei tenkjer og trur fast og klårt at Gud er – ein!

Me legg også merke til at Den heilage ande også vert kalla Sanningsanden. Eit ord som står aldeles perfekt til Jesu egne ord om at den som elskar Jesus, held mine (eller Guds) ord og bod. Sanninga og kjærleiken let seg ikkje skilja!

### *Han kjem til oss*

For læresveinane rundt Jesus den gongen, var det heilt konkret at Jesus skulle forsvinna frå dei. Men på same måten som dei ikkje skulle oppleva seg som foreldreause born, så er stoda den same for oss. Gud er med oss, i og ved Den heilage ande. Som han kom og synte seg og openberra seg for læresveinane den gongen, kjem han til oss og er nær oss. Det skjer gjennom Guds eige ord i Bibelen, gjennom vatn og ordet i dåpen, gjennom brødet og vinen i det heilage måltidet, gjennom bøna, gjennom fellesskapet med dei andre truande. Om læresveinane den gongen – og me no – ikkje ser Han lenger, så seier han klårt og tydeleg til dei og oss: Eg lever, og de skal leva! Ja, endåtil: Den som elskar meg, skal far min elska, og eg skal openberra meg for han.

Sterke ord og lovnadar. Me får del i dette nære og fortrulege samfunnet som er mellom Faderen, Sonen og Heilaganden. Så mykje rommar paktfornyinga; sanneleg er dette noko å halda fest og høgtid for.

Heis flagga til topps, kle dykk i festklede - og syng ut med Blix:

*Kved opp, Guds folk, syng høgt i kor!*

*No er det pinsehelg på jord.*

*Guds Ande kjem med heilag glod,*

*kved opp, Guds folk, med helga ljod.*

*Han til si kyrkje enno kjem,*

*Som fordom i Jerusalem.*

*Han kjem uti sin heilagdom*

*til alle som gjev honom rom.*

**Paul Odland**

Misjonssekretær, Stavanger krins av Israelsmisjonen.

Har hatt sete i DNI sitt landsstyre i fleire år.

[stavanger@israelsmisjonen.no](mailto:stavanger@israelsmisjonen.no)